

KOMMISJONSFORORDNING (EU) 2015/2010**2018/EØS/79/33**

av 11. november 2015

om endring av forordning (EF) nr. 1708/2005 om fastsetjing av nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til den felles referanseperioden for den harmoniserte konsumprisindeksen^(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2494/95 av 23. oktober 1995 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽¹⁾, særleg artikkel 4 tredje leddet og artikkel 5 nr. 3,med tilvising til fråsegna frå Den europeiske sentralbanken⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Det statistiske grunnlaget som er naudsynt for å utarbeide harmoniserte konsumprisindeksar (HKPI), vert fastsett ved forordning (EF) nr. 2494/95.
- 2) Ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1708/2005⁽³⁾ vert det stilt opp felles reglar for fastsetjing av referanseperioden for den harmoniserte konsumprisindeksen, som vart fastsett til 2005 = 100.
- 3) Endringar i klassifiseringa av delindeksane under HKPI og tilpassinga av delindeksane som er knytte til HKPI etter innføringa av 2005 = 100, gjer det naudsynt å endre referanseperioden for indeksen. For å sikre at HKPI-en er samanliknbar og relevant, bør referanseperioden difor endrast til 2015 = 100.
- 4) I samsvar med artikkel 13 i forordning (EF) nr. 2494/95 er det teke omsyn til kostnadseffektiviteten ved vedtakinga av denne forordninga.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det europeiske statistikkssystemet —

^(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 295 av 12.11.2015, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 130/2016 av 3. juni 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 76 av 23.11.2017, s. 42.

⁽¹⁾ TEF L 257 av 27.10.1995, s. 1.

⁽²⁾ Fråsegn av 1. juni 2015 (TEU C 209 av 25.6.2015, s. 3).

⁽³⁾ Kommisjonsforordning (EF) nr. 1708/2005 av 19. oktober 2005 om fastsetjing av nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til den felles referanseperioden for den harmoniserte konsumprisindeksen, og om endring av forordning (EF) nr. 2214/96 (TEU L 274 av 20.10.2005, s. 9).

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I forordning (EF) nr. 1708/2005 skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Referanseperiode for indeksen

1. Den felles referanseperioden for HKPI skal vere 2015 = 100. Denne nye referanseperioden for indeksen skal nyttast på dei fullstendige tidsserieane for alle HKPI-ane og delindeksane under HKPI og gjeld frå offentliggjeringsdatoen av HKPI for januar 2016.
2. Dersom det finst fleire delindeksar som skal integrerast i HKPI, skal desse knytast til i desember eit visst år på nivået 100 indekspoeng og nyttast frå og med januar månad det etterfølgjande året.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 11. november 2015.

For Kommisjonen
Jean-Claude JUNCKER
President
